

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 DEP
0030 OSLO



Vår ref.: DokumentID 23/24359

Dykkar ref.:

Dato: 27.09.2023

UTTALE TIL FORSKRIFT OM NULLUSTLEPP I FRÅ FERJER OG HURTIGBÅTAR

I fisk-sak 090/23 gjorde formannskapet fylgjande einstemmig vedtak- den 27.09.2023:

«Kvam formannskap støttar samferdselsdepartementet sitt framlegg til forskrift om krav til nullutslepp for ferjer og hurtigbåtar»

Vedtaket vert sendt med atterhald om godkjent møteprotokoll.

Helsing

Jon Nedkvitne

Sjef for samfunn, næring og kultur
Telefon: 979 53 274

Brevet er godkjent elektronisk og har difor inga underskrift.

Vedlegg:
27.09.2023

Tittel:
Høyringsuttale frå Kvam herad til nullutslepp av klimagassar i frå ferjer og hurtigbåtar

Kvam herad

Sakspapir

SAKSGANG

Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saknr
Kvam formannskap		

Avgjerd av:	Arkiv: N-46	Arkivsaknr
Saksh.: Runa Kvamme Ekrem	Objekt:	23/2332 - 1

Høyringsuttale frå Kvam herad til nullutslepp av klimagassar i frå ferjer og hurtigbåtar

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kvam formannskap støttar samferdselsdepartementet sitt framlegg til forskrift om krav til nullutslepp for ferjer og hurtigbåtar.

Samandrag:

Regjeringa føreslår å innføra nullutsleppskrav til nye ferjer i 2023 og hurtigbåtar i 2025. Eit slikt tiltak er eit viktig bidrag for å nå måla om reduksjon i klimagassutslepp – både i Noreg og Kvam herad. I tillegg til å syta for nullutsleppsteknologi for ferjer og hurtigbåtar, skal tiltaket ha tyding for bruk av nullutsleppsløysningar i anna sjøtransport. Samferdselsdepartementet har føreslått konkrete unntak som skal sikra at kravet fungerer best mogleg. Teknologistatus og kostnadar er lagt til grunn for korleis forskriftene er utforma.

Grunna at fristen for uttale er 1.10.23, vert uttalen ikkje lagt fram for heradsstyret.

Liste med vedlegg som det er referert til eller sitert frå i saksframstillinga:

Andre dokument i saka:

10.05.2023 Høyring - krav om nullutslipp av klimagasser fra ferjer og hurtigbåtar

Saksopplysningar:

Regjeringa føreslår å innføra nullutsleppskrav til ferjer i 2023 og hurtigbåtar i 2025. Føremålet med framlegget er å redusere klimagassutslepp, som vil medverak til at Noreg kan nå sine mål om utsleppskutt. I tillegg skal tiltaket støtta opp under innfasing av nullutslepp i skipsfart, som også kan ha betydning for bruk av nullutsleppsløysningar i anna sjøtransport. Det vert føreslått at kravet vert stilt gjennom innføring av ein ny forskrift i anskaffingslova. Samferdselsdepartementet har utforma framlegg til forskrift. Teknologistatus og kostnadar er lagt til grunn for korleis forskriftene er utforma.

Framlegget legg fram krav om nullutslepp og ikkje lågutsleppsløysingar, fordi nullutsleppskrav vil syta for større utsleppsreduksjon. Lågutsleppsløysingar har utfordringar knytt til kontroll av mengde utslepp, og tydinga av «lågutslepp» endrar seg raskt med teknologiutviklinga. Vidare vil nullutsleppsløysingar stimulera teknologiutvikling som vil medverka til større utsleppsreduksjon enn lågutsleppsteknologi.

Nullutsleppskravet vil gjelda alle nye kontraktar frå kravet trer i kraft. Samferdselsdepartementet føreslår ingen spesifikk dato for ikrafttreding av krav for ferjer. Kravet til hurtigbåtar vert føreslått gjeldande frå 1. januar 2025. Samferdselsdepartementet vurderer at for ferjer er teknologien allereie moden. For hurtigbåtar tilseier pågåande prosjekt og dei kommande fartøya at også hurtigbåtar er klare for nullutsleppskrav i 2025.

Erfaringar frå batteriferjedrifta tilseier at meirkostnadar er knytt til investeringar i fartøy og infrastruktur, mens driftskostnadane er lågare enn for dei konvensjonelle ferjene. For både batteri- og hydrogendrivne hurtigbåtar medfører det høge investeringskostnadar. For hydrogendrivne hurtigbåtar vil også driftskostnadar vera en kostnadsdrivar. Det er forventa at meirkostnaden ved overgang til nullutsleppsløysningar vil gå ned i takt med teknologiutviklinga, slike me kan sjå for elektrifiseringa av transportsektoren. Fylkeskommunar vil verta kompensert for eventuelle meirkostnadar som følgje av kravet. I framlegget til nullutsleppskrav er det også unntak for å sikra at meirkostnadane ikkje vert for høge.

Saman med tiltaket har Samferdselsdepartementet føreslått konkrete unntak som skal sikra at kravet fungerer best mogleg. Unntak for nullutsleppskravet er foreslått for følgjande forhold:

- 1.) anskaffingar som allereie er kunngjort
- 2.) ferjer som går på biogass før nullutsleppskravet vert gjort gjeldande
- 3.) samband kvar det vert planlagt ferjeavløysingsprosjekt
- 4.) manglande tilgang til tilstrekkeleg straumforsyning eller andre bunkringsfasilitetar
- 5.) primærbehovet i anskaffinga ikkje kan dekkast ved nullutsleppsløysningar.

Vidare vil det kunne oppstå situasjonar utanfor rederiet sin kontroll som verkar på drifta av skipet. Derfor skal kravet om nullutslepp berre gjelde skip i «ordinær drift».

Vurdering:

I Kvam herad er persontransport på fjorden ein kjelde til store klimagassutslepp, og har dei siste åra stått for utslepp av rundt 2000 tonn CO₂-ekvivalentar årleg (data Miljødirektoratet). Til samanlikning står kategorien «sjøfart» for utslepp av omtrent 6000 tonn CO₂-ekvivalentar årleg. Nullutsleppskrav til ferjer og hurtigbåtar er viktig for å syta for at elektriske ferjer på ferjesambandet Tørvikbygd-Jondal vart vidareført, og at hurtigbåten frå Norheimsund til

Eidfjord vert elektrisk. Eit slikt nullutsleppskrav vera eit vesentleg og viktig bidrag til å syta for at Kvam herad når sitt mål om at «Klimagassutsleppa i Kvam herad skal i tråd med nasjonale mål, og reduserast med 55% innan 2030 i høve til 1990».